

# REGLAR FOR BRANTRYGGLEIK VÅRMARNADEN



## AVSTANDAR CAMPING

Av omsyn til smittefare ved brann må ingen del av campingeininga (campingbil, campingvogn, telt) plasserast nærare annan eining enn 4 meter. Personbil som ikkje kjem i følgje med kjøpt campingplass, skal parkerast på gjesteparkering.

For kvar 1200 m<sup>2</sup> med campingeiningar, skal det vere eit seksjonerings-belte på minst 8 meter. Dette beltet skal hindre ein brann i å smitte over, samt at det skal gje sløkkjemannskap fri veg.

Campingvogner skal plasserast med draget tilgjengeleg for rask tilkopling til bil ved evt. evakuering.

## RØYK-/GASSVARSLAR OG SLØKKJEUTSTYR

Alle utstillarar og campingeiningar skal vere utstyrt med røyk-/gassvarslar og eit pulverapparat (min. 6 kg ABE). Dette er først og fremst for din eigen tryggleik. Ein røykvarslar vil varsle deg tidnok til at du har moglegheit til å komme deg i sikkerheit. Kontroll kan bli gjennomført.

## BRENNBART AVFALL/PAPP OG PAPIR

Det er viktig at det ikkje blir lagra brennbart avfall, spesielt papp og papir, inne på eller rundt stand- og campingplass. Vi har kjeldesortering og miljøstasjonar, desse skal nyttast til å halde standplass og campingplass ryddig til ei kvar tid.

## VED BRANNTILLØP

Alle tilløp til brann skal straks meldast på tlf. 110. Opplys namnet ditt, kvar du er og kva som har hendt. Varsle dei som er truga av brann og evakuer dei. Iverksett slokkingstiltak.

## BRUK AV OPEN ELD

Det er ikkje tillate med open eld på plassen utan godkjenning. Grilling kan berre skje ute og etter at marknaden er stengt for kvelden. Det skal vere minst 1 meter avstand frå telt-/campingvogn til grill. Forlat aldri ein glødande grill. Eingongsgrill er ikkje lovleg på Dyrskuplassen. Bring restane av grillkolet til eigen avfallsdunk merka «Avfall frå grill» eller «Brannfarleg avfall».

## PROPANLEKKASJE.

Dersom du oppdagar propanlekkasje, skal hovudkrana straks stengast og reguleringsventilen koplast frå flaska. Stans all bruk av open eld. Lokaliser lekkasjen; er den frå flaska, transporter den vekk frå campingplassen. Varsle brannvesenet.

<b>Brann</b>	<b>110</b>
Legevakt - akutt / ambulanse	113 / 116117
Politi	112 / 02800

### Kontakt under arrangementet:

Alle spørsmål i samband med reglane rettast til  
Utstillaransvarleg eller Vakt- og beredskapsleiar